



Det vert ikkje redusert fart her (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen ved saksbehandlar Ivar Kåre Døssland har sagt nei til bondelagets søknad om fartsregulering på Kjerlandssido der det er kommunal veg. Kommunen vurderar teknisk standard og trafikk som nokså lik på dei 2 vegane, Fartsregulerande tiltak ved nedsett fartsgrense kombinert med humpar på den eine vil gje store utslag på fordelinga av trafikken mellom dei. Statens vegvesen vil ikkje gjera tiltak på fylkesvegen på den andre sida av dalen. Teknisk standard og trafikk er temmeleg lik.

Kommunen vurderar situasjonen slik:

Fartsregulering kombinert med humpar er den einaste effektive måten til å få ned fartsnivået på Kjerlandsvegen. Men dette gjev ein sterk avvsningsffekt i høve til motorisert trafikk og særleg då tunge køyetøy.

Kommunen meiner at det i dag er god balanse mellom trafikken på dei 2 sidene av dalen og at det ikkje bør gjerast tiltak som skiplar trafikkbiletet utan at vegane vert utbetra teknisk. Det er det i dag ikkje midlar til

I planane er det teke med vegljøs fram til gardsbarnehagen.

Døssland bemerkar at det hadde vore ei god sak om ein hadde fått til ein gangveg/turveg langs elva. Den ville ha avlasta vegane for eindel gangtrafikk og skapt rekreasjonsmogelegheiter for barnehagen,

Av Ola Matti Mathisen